



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
29.07.2016  
Dykkar dato  
08.07.2016

Vår referanse  
2016/9533 421.3  
Dykkar referanse  
16/259

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### **Lindås – gnr. 137 bnr. 150 - Alver – uttale til dispensasjon for tilkomstveg og parkeringsplass.**

Vi viser til brev frå kommunen av 08.07.2016, med frist for uttale 05.08.2016.

Saka gjeld søknad om bygging av parkering og tilkomstveg til fritidsbustad. Tiltaket omfattar dispensasjon for tiltak i 100-metersbeltet mot sjø og dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplanen for Knarvik-Alversund. Delar av arealet er sett av til mogleg framtidig trasè for ny bru over Alversundet.

Tiltaket vil innebera opprusting av eksisterande traktorveg fram til dagens parkering, samt etablering av ny veg fram til eideomsgrensen til fritidsbustaden. Vegen vil verte to meter brei pluss eventuelle fyllingar.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

Kommunen kan berre dispensera dersom omsynet bak det formålet området er sett av til arealdele av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine føresegner ikkje vert vesentleg sette til sides. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Området som vegen skal gå gjennom er, i markslagkart, registrert som overflatedyrka jord. Fylkesmannen meiner at vegen vil føre til oppstykking av landbruksareal. Det kan verke negativt inn på noverande og framtidig drift av jorda.

Området ligg også innanfor 100-meters beltet mot sjø. Vi vil vise til at Lindås kommune ligg i sone to etter dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, andre områder der presset på areala er stort. Vi viser til lovkommentar til plandelen av plan- og bygningslova § 19-2:

*Det er et nasjonalt mål at strandsonen skal bevares som natur- og friluftsområde tilgjengelig for alle. Regjeringen ønsker en strengere og mer langsiglig strandsone forvaltning. Det er derfor nødvendig med en streng praksis ved behandling av dispensasjoner i 100-metersbeltet langs sjøen. Forbuddet i § 1-8 mot bygging i 100-metersbeltet langs sjøen veier tungt. Det skal svært mye til før dispensasjon kan gis til bygging her, spesielt i områder med stort utbyggingspress.*

Fylkesmannen er generelt negativ til nedbygging av strandsona. Veg og parkering kan legge til rette for vidare utbygging av eigedomen.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er fordelar ved tiltaket utover at den private part kan køyre heilt fram til fritidsbustaden sin. Det vil ikkje vega opp for dei negative verknadane tiltaket vil ha for samfunnsmessige interesser i strandsonen og i LNF-område.

Fylkesmannen si vurdering etter dette er at fordelane ved tiltaket ikkje er større enn ulempene. Vilkåra for dispensasjon er ikkje oppfylt og Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon i denne saka.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Hege Brekke Hellesøe  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*